



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
John Olav Hisdal, 5557 2324

Vår dato
25.10.2016
Dykkar dato
11.10.2016

Vår referanse
2016/13097 472
Dykkar referanse

Atr eiendom v/Tommy Guldbrandsøy
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Melding om drift av mobilt knuseverk i Eidsnes næringsområde, gnr. 244 bnr. 41, 45, 55, 57, Lindås kommune

Vi viser til melding om ovannemnde mottatt av oss 11. oktober 2016.

Knuste steinmassar skal nyttast i samband med tilrettelegging av Eidsnes næringsområde. Knuseverket blir plassert nede i eit allereie utsprengt område og vil soleis ha god skjerming mot dei næraste bygningane(næringsbygg og fritidseigedom). Støyberekningar er ikkje gjennomført, men av meldinga går det fram at støymålingar vil bli utført ved dei næraste bygningane når drifta av knuseverket er starta opp.

Der er laga reguleringsplan for området som vart stadfesta 20. mars 2013. Reguleringsføresegnene har klare føringar for aktivitetane som skal gå føre seg i området og vi reknar med at desse vert etterlevd.

Støvdempande tiltak vil vere støvsuging ved borerigg og elles sprøyting av vatn etter behov. Av meldinga går det fram at støymålingar vil starte opp i november 2016. Det er i meldinga ikkje opplyst kor store mengder stein som skal knusast, men maks produksjon pr. time vil vere ca. 500 tonn.

Utførande entreprenør er kjent med kapittel 30 i forureiningsforskrifta og vil syte for at krava i denne vert oppfylt.

Fylkesmannen tar meldinga til orientering.

Med helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

John Olav Hisdal
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ

